Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Meland

Emne: Bordskikk til kvardags Bygdelag:

Oppskr. av: Elias Mjåtveit Gard: Mjåtveit

(adresse): Frekhaug, om Bergen G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det vanlege er no, at all mat vert laga på kjökken

1. Alle sitjer ved bordet alle mål.

2 Alle sat og sitjer ved same bordt. Det her vore og er soleis.

3 Alle et på same tid.

4 Husbondsfolk og tenarar et same mat.

5. Det höyrer ikkje til skikken her å eta på kjökenet.

6. Alle i huset et ved same bord i stova. Ingjen „rang" ved bordet.

7 Ingjen regel for faste plassar ved bordet.

8. Barn skal ikkje stå ved bordet. Ukjent her.

9 Øvste plass ved bordet vert gjerne enno kalla „högste" d. e. högsætet.

4896

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10 Ein talar aldri om hedersplassar her.

11 Var ein rein og törr på henderne, var ein ikkje so nöye med å vaska seg. Det er vorte meir ei vanesak no. Ilia tek ein av seg, når ein stig inn om dörstokken. So hev det vore og so er det.

12 Eg minnest frå min barndom, at morbror havde eit stort, dreia trefat til grautefat. Det stod midt på bordet med ei treskei i. Av det fatet åt alle, som sat ved bordet. Sidan kom fat av steinty.

I mi barndomstid vart det brūka trebiorskar istadenfor steinty. Då eg var halvvaksen, kom steinty i handelen, mest grovt — og trebiorskane kom vekk. Steinty var so mykje lettare å vaska. Alle ved bordet havde kvar si mjölkeskål so lengje eg kan minnast.

Det er vanlegt å ta graut i skeidi og duppa i mjölki. „Grautsulskåli" er namnet på dei små mjölkeskålerne. Fyrr var desse skålerne av tre, no av steinty. — No: — Ein tek graut og mjölk på ein tallerk (tallerken) og hev soleis alt kvar for seg.

Kaffidrikking er so gamal, at eg minnest ikkje noko anna.

13. Gryta vart ikkje sett på bordet. Dei gamle grautegrytorne var for store til det. Grauten vart aust opp i grautefatet, ei treskei vert lagd på grautefatet til å ausa graut med — kvar i si skål. Uppat varma kald graut

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4896

vert sett fram på same vis. Ei stor mjølk=
skål elder panna vert sett attmed grauta=
fatet. — Fyrr vart grauten nytta til
middagsmat, men no er grauten vorte
kveldsmat. Poteter med sild elder fisk
attåt er no det vanlege til middag — og hev vore det
dei 20 siste åri om lag. Gjestebodskost
vil ein gjene hava endå lekkrare en kverdags=
mat.

14. Kjøt legg ein aldri på flatbrød, som er på=
smurt smør. Fisk elder sild på flatbrød,
som var smurt smør på kallast bete elder
smørbete. Brisling på flatbrød utan smør
vart kalla sildebete. Slik tillaging av
mat er mindre brugt no. Det kan sume
stader vera åt born. Smørbete og
sildebete var nonsmat. (Kl. 4 e.m.)

15. Slikt må kvar gjera som dei sjølv
synest.

16 Sameleis med dette. Kvar kan gjera
som dei sjølve synest.

17 Eg sjølv lærde å ta gaffelen i bruk,
då eg laut inn i eksersisen. Det var 1894.

18 Mannfolk her i bygdi ber ikkje på
slireknivar. Kvinnfolki hev helder ikkje
bruk for lommeknivar.

19 Kvar hadde si 8 nyvaska skei ved
bordet. Var aldri merkt namn. Kvar
einskild gjøymde ikkje på skjei åt seg.
Alle skjeier vart vaska, fyrr dei kom på bordet.

4896

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20 Eg, som er fødd 1874, hugsar so vidt at ein av grannane våre hadde eit grautefat av tre. Steinty var det vanlege. Eg såg ogso i barneåri, at hjå ein annan gardsmann brukte dei små talerkener av tre.

I barneåri mine vart det slutt på det store grautefatet midt på bordet. Talerkener kom i staden.

21 I barneåri mine var det ikkje vanleg med borddukar utan til høglid og fest. Det vår lerreds dukar. No er det vanlegt til kvar dag å ha voksduk på bordet.

22 Det kan vel vera 20 år sidan det vart ålment. Desse dukane ligg altid på bordet.

23. Dei vaksne forsynte seg sjølv. Dei minste laut mori hjelpa.
Var det noko mat, som skulde delast ut, so vart det kalla å etla maten.

24. Smör laut gjerne husmori etla åt dei minste, når dei ikkje var sjølvhjelpne.

25 Alle skulde fritt eta som dei sjølve syntes.

26. Svari seier seg sjølv.

27 Svaret på dette er ja.

28 Bordlester og song före og etter maten er mykje brukt jøleaftа. Ellest lite.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 4896

29. Borni skulde ikkje skråla ved bordet. Snakka var fritt före. Sameleis no.

30 Ein skulde ikkje storskratta ved bordet Det er ikkje fin skikk no helder. Dette gjeld sjölvsagt mest borni.

31 Hev ikkje höyrt noko om det som her spörst om.

32 Ingen „lov" for det.

33 Ingen seier takk for mat heime.

34 Eg hugsar, då eg var liten og farbror elder farsyster kom inn i stova vår, når me åt, sa dei „signe maten". Seinare sa sume „velbekomme".

35 Nei, ikkje altid.

36. Kan verta og ikkje verta — etter som det kan höva.

37 Nei.

38 Nei.

39. Sitjer ein huslyd ved bordet, kan ein framand, som kjem sessast ved bordet. Er det ein langframande, so lyt det gjerast meir stas på han, med eksta god gjestebodskost. Sjölvsagt. Husfaren og gjerne husmori med kan setja seg tilbords med den framande — om han er ein sjeldsynt gjest.
Elles kan dette ymsa noko.

4896

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

40 Det er god skikk å be ein forsyne seg — og for ein gjest å takka og gjera so.

41 Kein let ikkje gjerne ein framand sitja åleina i stova og eta. Helst hús-faren må vere inne og snakka med den framande.

Det er ingjen lov for, kvar húsbonden skal setja seg. Han setjer seg seg slik det høver, når dei tvo skal prata i lag.



4896

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING